



Jentelaget til Rosendal/Uskedal som gjorde ein storinnsats i fjor.

**25. juli startar verdas største fotballturnering Norway Cup og Kvinnherad blir i år representert med fire lag.**

**Det er Rosendal (med spelarar også frå Uskedalen) i gutar 14 år, Rosendal i jenter 14 år, Rosendal (med spelarar også frå Uskedalen) i jenter 13 år og Trio i gutar 16 år.**

Uskedalen kjem altså til å bli godt representert på Ekebergsletta også dette året.

Sju spelarar frå vår bygd blir med, opplyser fotballgruppeteiar i Rosendal Turnlag Arvid Nes til uskedalen.no. Dei er Kjell Stensletten, Martin Hauge og Hans Fr. Zimmer i gutar 14 år og desse fire i jenter 13 år: Katrine Yri Røssland, Anne Marthe Zimmer, Karoline Isdal Amundsen og Kari Bråtun.

Puljeoppsetta er også klare og det er klart at laget herifrå skal møte Haslum, Skade, Brønnøysund 1 og eit lag frå Zimbabwe i 14-årsklassa for gutar. I 14-årsklassa for jenter er motstandarane Enebakk, Glomguten 2 og Vigør medan jentene i 13-årsklassa møter Herd, Oppegård og Vålerenga! Kampane går 26.,27. og 28. juli.

Av Ola Matti Mathisen